

Repsak: 12-21. Strategi- og kommunikasjons-plan 2022-2025.

Styret sin tilråding til vedtak:


Representantskapet godkjenner Strategi- og kommunikasjonsplan 2022-2025, med handlingsplan for perioden.

Saksutgreiing

I tråd med vedtektene § 7.4. er det representantskapet som skal fastsette overordna mål og retningslinjer for selskapet. Sist representantskapet hadde sak om dette, var hausten 2020 for perioden fram til 2024.

Vi har utarbeida forslag til ny strategiplan for perioden 2022 – 2025 etter same oppbygging som sist. Relativt klare og konsise handlingsplanar som kjem tidleg i planen og ein faktadel som underbygger tilrådinga.

Vi har i år lagt kommunikasjonsplan er ein del av samla strategiplan. Faktadelen ligg for seg, då den fortentar eigen omtale som eit av fundamenta i satsinga på meir sortering og betre kvalitet på avfallsfraksjonane.


Petter Bjørdal
Dagleg leiar

Vedlegg:

Strategi- og kommunikasjonsplan 2022-2025 med handlingsplan 2022.

STRATEGI OG KOMMUNIKASJONSPLAN 2022-2025



Visjon for Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS.

*Eit ressurscenter for avfall, med kunnskap og tenester
for privat abonnentar og næringsliv.*

Slagord:

Sortert avfall gir verdi for miljøet !



Innholdsoversikt:

	Side
Handlingsplan med miljømål	4
Handlingsplan – nye investeringstiltak	5
Handlingsplan kommunikasjon	6
Om strategi og kommunikasjonsplan 2022- 2025	7
Status 2021	8

1.0. Gjeldande føringar

a. FN sine bærekraftmål	11
b. Stortingsmelding nr 44 – 1992	12
c. Klimakur 2030	13

2. Status og kvar går vi ?

a. Ombruk	15
b. Materialgjenvinning	15
c. Matavfall til biogassproduksjon.	17
d. Hageavfall	18
e. Glas og metall emballasje	18
f. Metallar	19
g. Papp	20
h. Trevirke	20
i. Tekstilar	21

3. Klima.

a. Co2 utslepp og transport	22
b. Etterbehandlingsanlegg i Møre og Romsdal	22
c. Omlegging av gebyrsystemet – Payt.	23
d. Oppsummert materialgjenvinning	25

4. Fritidshus

Mål	25
-----	----

5. Innkjøp

Mål	26
-----	----

6. Digitalisering

Mål	26
-----	----

7. Eigarskap i andre selskap

a. Retura Søre Sunnmøre AS	27
b. Retura Norge AS	28

8. Kommunikasjon

	31-40
--	-------

Handlingsplan - Miljømål:

- 60 % materialgjenvinning ut frå materialgjenvinnar innan 2025 og 65 % innan 2030.
- Klimautslepp skal vere eit gjennomgåande perspektiv i innkjøp, planlegging av transport og transportløyisingar. Interne som eksterne.
- Digitalisere områder for å auke kvaliteten på tenestene og kunne gi sann tid opplysningar til kundane.
- Innrette gebyrregulativet sterkare mot brukarbetaling for tenester.

For å nå hovudmåla vedtek ein slik plan:

Klima

- Vedta ny visjon og nytt slagord som inkluderar klima.
- Omstille med mål om å komprimere avfall før vidaretransport og sette krav i nye anbod om bruk av lastbærarar som kan laste over 30 tonn nyttelast.

Brukarperspektiv.

- Gjennomføre brukarundersøking annakvart år for å få fram breidda av innbygarane sitt syn på VØR sine ordningar.

Henteordningar.

- Vidareføring av innsamling raud boks for farleg avfall to gangar pr år på bygdene.
- Innføre eiga innsamling av hushaldningsplast i perioden i tråd med ynskje framsett i brukarundersøkingar.
- Greie ut innan 2022, korleis følgje opp MD sitt krav om innsamling av organisk avfall, ved evt eiga innsamlingsordning for hageavfall.

Kvalitet

- Kvalitet på avfallsfraksjonane skal vere eit gjennomgåande perspektiv i planlegging, drift, levering og kommunikasjon
- Gjennomføre årlege plukkanalyser og periodiske kvalitetskontrollar av avfall i behaldar.
- Merke opp alle behaldarar med standardiserte nasjonale emblem og fargekode, for å betre kvaliteten på innhaldet i behaldar.
- Starte opp prøveprosjekt med papirpose for matavfall i 2022.

Miljøstasjon.

- Innføre eiga mottaksordning av hardplast for materialgjenvinning i 2022.
- Innføre eiga mottaksordning av trevirke til materialgjenvinning 2022.
- Innsamlingsordning for tekstilar i 2023, vert å vurdere om det blir eit pålagt ansvarsområde for kommunesektoren.

Innkjøp.

- Skifte ut varebilane med bilar som går fossilfritt innan 2024.
- Erstatte fossil energi drivne bilar med biogass -drivne bilar, om det vert etablert regionalt biogassanlegg.

Utviklingsprosjekt i samarbeid med andre selskap

- Avklare om det er aktuelt å bygge biogass anlegg saman med andre interkommunale avfallselskap/ samarbeidspartar. Eiga sak om deltaking og finansiering vert om det er aktuelt, å førebu for kommunestyra, som tek avgjerd.
- Vurdere felles restavfall ettersorteringsanlegg på Sunnmøre saman med ÅRIM/SSR/RIR. Eiga sak om deltaking og finansiering vert om det er aktuelt å førebu for kommunestyra, som tek avgjerd.

INVESTERINGSTILTAK I PERIODEN:

Lovpålagde tiltak , tiltak som gir rasjonalisering og vidareføring av digitalisering vert å prioritere.

Fokus på å redusere kostnader og klimautslepp skal vere eit gjennomgåande perspektiv. T.d. ved redusert internttransport, optimalisert uttransport og bruk av lastbærarar med høg nyttelast i høve tillatt totalvekt på køyrety / båt.

2022: Fullfinansiere utbygginga på Melsgjerdet, slik at anlegget kan fungere optimalt. Starte opp med månedsfakturering av gebyr.

Innføre valfri ordning med papirpose framfor plastpose til matavfall.

Innføre eiga plastinnsamling ila året.

Etablere mottaksordning av hardplast og trevirke for materialgjenvinning på miljøstasjonen

2023: Bygge ut fleire mottakspunkt med full kjeldesortering for dei med fritidshus, om mogleg i kombinasjon med tilgangskontroll.

**Innføre elektroniske køyreordrer for å kvalitetsikre og dokumentere innsamlinga
Montere Rfid brikker på alle beholdarar og leseutstyr på bilane som «snakkar» med styringssystemet til VØR.**

2024: Slutføre oppgradering av mottakspunkt for dei med fritidshus.

2025: Prosjekttere og planlegge utviding av bygningsmassen til Miljø-gjenbrukstasjon i Hovdebygda og slik implementere sist gjeldande brann- og sorterings-krav.

2025: Sette krav til slamentreprenør om å dokumentere status til slamanlegg i samband med tøming. Må takast med ved ny kontrakt på anbod i 2025.

Prioritert handlingsplan for kommunikasjon

VØR vil prioritere informasjon og kommunikasjon som strategisk verkemiddel for å auke kvalitet på innsamla avfallsfraksjonar frå hushald. Kommunikasjonen frå VØR skal vidare bidra til positiv omdømmebygging og gi betre innsyn i kva selskapet driv med.

For å nå denne målesetninga, må utvalde tiltak prioriterast fram mot neste rullering av kommunikasjonsstrategi. Følgande tiltak blir føreslått:

Auke informasjonsflyt til våre abonnentar.

- a) Trykke opp og sende ut utfyllande nyheitsbrev med informasjon om riktig sortering og avfallshandtering til alle abonnentar minst ein gong i året.
- b) Innan 2024 investere i digital informasjonstavle til inngangsport, som til kvar tid viser opningstider og relevante endringar/nyhende som er gjeldande for VØR og våre abonnentar.

Plukkanalyser- få meir kunnskap om forbetningspotensial

- c) I løpet av 2022 skal vi prioritere også å ta stikkprøver av restavfall og matavfall frå hushald og nedgravde anlegg for å undersøke og få kunnskap om samansetning av avfallet. Deretter skal vi kommunisere resultat frå kvalitetskontroll til innbyggjarane for å korrigere feilsortering.

Mindre plast i matavfallet- Pilotprosjekt med papirposar

- d) Teste ut løysing med papirposar til matavfall hos dei av abonnentane som vil vere med på frivillig ordning frå 2022.

Fornye og vidareutvikle informasjonsmateriell

- e) Produsere korte, informative filmsnuttar om riktig sortering og VØR sin aktivitet i 2022.

Auka fokus på riktig avfallsortering

- f) Meir informasjon ut til kommunale eigedommar og innvandrarar på deira språk.
- g) Bruk av avvikslappar på avfallsbeholdar

Om strategi-/verksemds-plan 2022- 2025.

Kvifor slik plan?

VØR arbeidar innafor ein kvardag der måla vi skal arbeide mot, er fastsett av fleire instansar, både sentralt og lokalt.

Nasjonale avfallspolitikk er fastsett av stortinget som har slutta seg til FN sine bærekraftsmål, vedtekne storingsmeldingar, av stortinget sitt klimaforlik, nasjonal avfallsstrategi frå mars 2018, og no sist klimakur 2030 frå regjeringa som bygger på EU sin plan for Sirkulær økonomi.

I tillegg kjem vedtak og direktiv frå Miljødirektorat og Statsforvaltar. (SF) Frå SF er det krav om at alt avfall skal lagrast og handsamast under tak. Både av forsøplingsmessige grunnar som vind og fuglar hjelper til med og fordi avfall er høgrisiko i høve brann. Evt brannsløkkevatn er giftig og skal samlast opp. Det skal ikkje tilførast verken ferskvatn eller sjø.

Kommunane vedtek klimaplanar med konkrete tiltak for gjenvinning. Gjeldande felles handlingsplan er no til revisjon, og skal etter plan vedtakast snart. VØR kjenner ikkje innhaldet, så dermed vert den å ta inn i neste års revisjon av strategiplan.

Kommunane fastset renovasjons-, og gebyrforskrift som regulerar VØR sin aktivitet. I tillegg styrer dei gjennom selskapsavtale og forvaltningsrevisjon.

VØR er opptatt av og lære og utvikle seg, Styret bestilte difor ekstern spørjeundersøking i 2018, 2020 og 2021 i samband med RBM-20, for å få ei tilbakemelding på innbyggjarane sine synspunkt om oss og korleis vi presterar i høve bransjen. Innbyggjarane er opptatt av miljøspørsmål, og er interessert i å sortere meir sitt avfall.

Resultatet frå undersøkinga er relativt likt år for år. Vi rår derfor til å gjennomføre det annakvart år heretter.

Å plassere alt i orden og i system

VØR treng å sette alle krav og tilbakemeldingar i eit ordna system for å få oversikt. Ein må prioritere.

Særskilt inafor digital utvikling, skjer det mykje for tida, på alle områder.


Lovpålagde tiltak og nasjonale mål må gå først. Og så er utfordringa å nå lokale krav samtidig som effekten på gebyret i form av auke det enkelte år ikkje vert for stor. Dette prøver denne planen å sortere i rett rekkefølge.

Strategi-/verksemds-plan vert rullert årleg. Administrasjon innstiller til styret og styret innstiller til representantskapet som vedtek planen i tråd med vedtektene § 7.4.

Status 2021.

I 2020 er materialgjenvinningsgraden i VØR 58,6 %. Det er eit veldig bra resultat. Nedanfor er ein tabell frå RBM 2020 som syner vår prestasjon i høve andre selskap.

Miljøstandard.



Virksomhetens posisjon er angitt med de to siste sifferne i årstallet

I samanlikning med 39 andre selskap i Noreg (RBM-19) synt ovanfor, ligg vi på 6 plass. I alt 40 % av innbyggjarane her i landet er omfatta av undersøkinga. Dei som ikkje er med er til dømes Oslo, Bergen og Tromsø, som alle ligg lågare i materialgjenvinning

Krava vi skal levere på framover.

2020 var eit delmål. Samfunnet krev av oss at vi skal vidare. I tillegg er klima prioritert høgt av regjering og storting. Stortinget sitt krav er å oppnå nasjonalt mål om materialgjenvinning på minst 55 % innan 2025 og 60 % innan 2030 og 65 % i 2035.

Kva ligg i vedtekne planar for nye sorteringsløysingar på miljøstasjonen ?

I gjeldande strategiplan legg vi opp til å starte med materialgjenvinning av trevirke (levering til sponplateproduksjon) og hardplast frå 2022. Dette vil vere viktige bidrag for å auke materialgjenvinninga, men det er uansett fraksjonar med små volum. 30 % av trevirke som vert materialgjenvunne i sponplateproduksjon kan gi oss 120 tonn auke i materialgjenvinninga. For hardplasten, vestleg mindre.

Endra målepunktet for materialgjenvinning.

I dag vert materialgjenvinning målt av det vi leverar inn til gjenvinnar. EU kom i 2019 med ei «forordning», som i detalj fortel korleis materialgjenvinningsgraden skal reknast ut for den enkelte avfallstype frå 2025.

«Vekten av det gjenvinnbare avfall, foreslås vekten av det avfall som tilføres den endelige gjenvinningsprosessen.».

MD har på bakgrunn av dette foreslått at målepunktet for materialgjenvinning vert flytta til å verte registrert ut frå materialgjenvinnar og ikkje inn til materialgjenvinning som i dag. Korleis dette rapporteringsregimet i praksis skal etablerast, er per i dag usikkert.

Vår faglege vurdering er at materialgjenvinninga vil falle til ned til under 55 % gitt at ikkje andre tiltak vert sett i verk. Norwaste sin rapport syner at henteordning for hageavfall kan meir enn kompensere for denne reduksjonen.

Årsaka til reduksjon i materialgjenvinninga for oss, er for dårleg kvalitet på deler av det som vert samla inn, i kombinasjon med produkt som ikkje er eigna til gjenvinning.

Dette har samanheng med historiske oppfatningar av avfall, manglande fokus på kvalitet frå avfallsbransjen sjølv, og at industrien sine produkt og emballasje ikkje er designa og eigna for gjenvinning.

Vi må gjere vår del av jobben. Kvalitet er difor foreslått som hovedsatsing for oss i perioden 22-25.

Vi ser og at sasinga på kvalitet nyttar. Tiltaka sette i verk i 2021 for å betre kvaliteten hos emballasje av glas og metall, har gitt oss ei halvering i innslaget feilsortering.

Innføring av nasjonal farge og merkeordning av innsamlingsbeholdarar.

EU og MD tar opp bruk av standardiserte emblem og bruk av like fargar på innsamlingsutstyret som eit tiltak for å gjere det lettare for private og næringsliv å sortere avfall, uavhengig av kva kommune eller land i Europa ein høyrer til. Ein skal kjenne seg att uavhengig av kvar ein er. Avfall Norge har fått på plass slik likt farge og emblemsystem i 2020. Vi er i gang med å implementere dette i 2021, og vil merke resten i 2022.

Kor reine er dei utsorterte fraksjonane som vert henta heime ?

Kvalitet på levert avfall til materialgjenvinning, er i fokus som aldri før. Årsaka er naturlegvis at ei råvare må vere rein for å kunne nyttast . Det blir ikkje ny aluminium av plast og restavfall. Ei heller nytt papir av tilgrisa papir av matavfall. Her kan vi verte flinkare som innbyggjarar og VØR flinkare som mottakarar. Vi opplever i dag å få kvalitetstrekk av alt som ikkje er heilt reint. Det gjeld kvalitetstrekk på papp og papir fordi det er plastemballasje og isopor ligg innimellom papiret. Det gjeld glas og metall emballasje fordi der følgjer med kokekar og elektroavfall. Kvalitetsfokuset er sterkt. Mottakarane har 0 – toleranse.

Det handlar om å få innbyggjarane til å få haldningar og respekt for at avfallet er ei råvare. Her har vi ei utfordring. Vi har ikkje dokumentasjon på at det er verre hos oss enn i andre deler av landet. Men utfordringa er der, og dette må vi ta tak i. VØR som selskap må saman med innbyggjarane redusere kvalitetsavvika så mykje som råd.

Mellom 10 og 20 % av matavfallet vi i dag leverar til materialgjenvinning er i røynda «rejekt» dvs. at det endar som energigjenvinning, utifrå EU sin «forordning» og MD sitt forslag. Rejekt er bleier, plastposar som maten er pakka inn i, store bein, framandlekamar som talerknar, knivar og gaflar osb. Om 20 % er rejekt, vil 340 tonn av våre 1700 tonn innsamla i 2020, flytte frå material til energigjenvinning.

Det same gjeld for papir og papp, som og er ein stor fraksjon og der deler av det vil skifte klassifisering frå materialgjenvinning til energigjenvinning. Utsortering av stiftar, plast, isopor og framandlekamar som ikkje vert tatt ut av pappkasser og noko feilsortert restavfall, kjem raskt opp mot 5 %. Med eit slikt reknestykke vil i verste fall 50 tonn papir / papp av dagens volum skifte frå levert til materialgjenvinning til å verte energigjenvunne utifrå klassifisering «endeleg levert materialgjenvinning».

Tilsvarande er situasjonen for dei andre fraksjonane som glas og metall, trevirke, impregnert osb. Sjølv restavfallet har kvalitetskrav der det er 0 toleranse for farleg avfall, gips og isolasjon. Ureint restavfall gir ujamn brennved og krev tilsett av kjemikalia. Det gir auka kostnader og bortfall av inntekter for forbrenningsanlegga.

Klimakur 2030 set klima for alvor på dagsorden. Reduserte klimautslepp handlar i stor grad om å redusere transport og nytte fornybar energi som energikjelde.

Regjering og storting varslar sterke grep for å redusere klimautslepp. Av strukturelle grep, er det å etablere biogassanlegg i regionen saman med andre, det einskildgrepet som gir størst effekt i høve måla i Klimakur 2030. Det føreset gass levert til drivstoff for bil. Biogass som vert nytta til erstatning for diesel er fornybar energi, i motsetnad til fossil gass.

Å levere restavfallet til ettersortering for å ta ut meir plast, metall og glas, vil vere eit anna grep. Ettersorteringsanlegga tek ut rundt det dobbelte med plast, av det henteordningane som er etablerte i dag, greier.

Slike anlegg finst berre i avgrensa grad, så då må vi vere med å bygge slikt anlegg. Samarbeid om dette er etablert saman med Årim og RIR.

Kvar står vi i høve til kommunalt vedtekne planar som gjeld for oss ?

I dei lokale klimamåla som i 2010 vart vedtekne av kommunestyra, hadde kommunane eit mål om utsortering av minimum 45 kg våtorganisk avfall pr innbyggjar og minimum 10 kg innsamla plast pr innbyggjar. Plastmålet vart nådd i 2018 og våtorganisk målet i 2019 med 74,4 kg pr innbyggjar. Vi ser det no som utkvittert.

Ny handlingsplan for klima er under utarbeiding i kommunane, og vert å kome tilbake til, når den ligg føre.

Brucarundersøkingar.

VØR deltok i Renovasjonsbenchmarking (RBM) i regi av Avfall Norge i 2018, 2020 og 2021. Samalikning med andre sine prestasjonar har verdi, men ein treng det ikkje kvart år. Det er relativt omfattande å delta i form av arbeid for organisasjonen, og nytteverdien er avgrensa slik vi ser det, når slik samanlikning blir utført med kort intervall mellom undersøkingane. Resulatet for 2020 viser at vi levere svært godt på miljø. Det sa også SSB i samband med kostra undersøkinga. Vi har eit godt arbeidsmiljø. Det ser vi med tilnærma 0 i turn over og lågt korttidsfråvær. Vi har lågt gebyr. Dei opplysningane får vi stadfesta av SSB-Kostra.

Den sa vidare at vi leverar mindre godt på systemeffektivitet. Det er eit resultat av geografisk plassering i høve slutthandsamingsanlegg for avfall. Vi må bygge og drifte omlastingsanlegg for avfall, og transportere avfallet eit godt stykke bort for å få det slutthandsama. Det er ei systemulempe. Avfallselskap som ligg intil forbrenningsanlegg eller slutthandsamingsanlegg for papir eller matavfall, har høve til å tippe avfallet sitt rett i bunkeren, og såleis vere meir effektive. Det visste vi og.

Brucarundersøkinga derimot, som vert utført saman med RBM, har større verdi. Den er tilrådd utført annakvar år heretter, då variasjonen år for år er relativ liten syner undersøkingane. Den fortel kva innbyggjarane meiner om oss, innhenta av eit objektivt organ. Avisreportasjar, facebook innlegg med meir har og verdi, men er sjelden uttrykk for breidda i folkemeininga. Vi treng å vite kva breidda av innbyggjarar meiner om oss.

Handsaming av planen.

Representantskapet skal vedta planen i tråd med vedtektene § 7.4, etter tilråding frå styret.

Handlingsplanar og oppfølging.

Planen skal vere styrande i dagleg drift, og eit dokument det skal rapporterast om til styrande organ. Dagleg leiar iverksett handlingsplanar i VØR sin organisasjon i tråd med strategiplan.

Resten av dokumentet

Dei neste 20 sidene i dokumentet går grundigare inn i bakgrunn for krav og potensialet for auka materialgjenvinning. Kommunikasjonsplanen til VØR er og ein del av planen. Tiltak som skal understøtte dei overordna måla i planen.

Gjeldande føringar.

Innleiing

Vi har ei rekkje overordna styringsdokument som fortel i kva retning vi skal utvikle oss. Dette kan kome frå internasjonale avtalar og krav, og det kan vere nasjonale krav. I dette kapittelet tar vi med alt kjent, fordi vi har lært oss at det må gjerast for å forstå samfunnsutviklinga på området vi arbeidar i.

I nokre tilfeller har vi absolutte krav som må følgjast slik som gitt i Løyve for å drive omlastestasjon. Alle som driv avfallsanlegg eller omlastingsanlegg for avfall, må ha eigne Løyve.

a) FN sine bærekraftsmål:

6. Reint vatn og gode sanitærforhold – Innen 2030 sørge for betre vasskvalitet ved å redusere forurensing, avskaffe avfallsdumping....og i vesentleg grad auke gjenvinning og ombruk.

Dette grip både inn i VØR sitt arbeid innan slamminnsamling, tilsyn av slamtankar, men og kor attraktiv VØR er å levere til slik at vi får inn det vi skal. Vidare er fokus på kor flinke vi er på gjenvinning og ombruk.

Bærekraftmålet «Betra vasskvalitet» grip og inn i korleis anlegga til VØR er organiserte og fysisk laga. Mål må vere å bygge om anlegga slik at 0 – utslepp til omgivnadene ikkje skjer, sjølv om det skulle oppstå uhell inne på tomtene. Anlegget på Melsgjerdet vert bygt slik. I Hovdebygda er det foreslått å gjere tilsvarande grep i slutten av planperioden. Dette går fram av foreslått investeringsplan.

7. Rein energi for alle - Tilby bærekraftige energitjenester.

For VØR: Legge om energibruken frå fossile til sirkulære energikjelder. T.d bruk av biogass istaden for diesel som energi i bilane våre. Drifte anlegga energieffektivt for å redusere sløsing med energi. Bruke alternativ til straum til oppvarming av bygningsmassen. Bio-brensel, jordvarme eller varmepumpe til oppvarming.

9. Innovasjon og infrastruktur - Fremje berekraftig industrialisering.

For VØR: Hente nedgravne avfallsanlegg utifrå fyllingsgrad og ikkje på frekvens gjer vi alt no. Delta i bygging av regionale etterbehandlingsanlegg. Ta i bruk teknologi for å automatisere repeterande administrative rutiner. Drive innsamling frå slambeholdar utifrå fyllingsgrad, kan vere aktuelt fram i tid. Dette vert i tråd med forskriftene i dag tømt etter frekvens. Framtida vil nok gi tøming etter fyllingsgrad basert på rfid brikke, men idag er kostnaden med å ha rfid brikker og gps sendarar på kvar tank alt for dyrt, men det kan endre seg. Vi har vidare potensiale for industrialisering av drift av anlegga, ved bruk av utstyr som rasjonaliserar tidsbruken.

11. Bærekraftige byar og samfunn - Betre luftkvaliteten og avfallshandtering i byer og samfunn.

For VØR: Optimalisere hentefrekvens og redusere oppsamlingspunkt via differensierte gebyr etter tal hentingar. Legge om til fossilfrie innsamlingsbilar som køyrer minst mogleg og har minst mogleg utslepp.

12. Sikre berekraftig forbruk og produksjonsmonster

For VØR: Stimulere til redusert matsvinn hos innbyggjarane, redusere utslepp av kjemikaliar og avfall til luft, vatn og jord ved betre innsamlingsystem for Farleg avfall. Stimulere til redusert avfallsmengd gjennom informasjon, gjenvinning og ombruk.

13. Stoppe klimaendringane – stoppe klimaendringar på lokalt nivå.

For VØR: Gå frå fossil drivne køyretøy til fossilfrie. Utnytte sol, luft og jordvarmeenergi til oppvarming av bygg. Det blir hevda at byggsektoren står for 40 % av alle klimautslepp, så med det fokus som i dag er på klima, vil vi nok oppleve mange forbetringar i åra som kjem.

b) Stortingsmelding nr 44 – 1992

Stortinget vedtek mål for avfallspolitikken her i landet. Den er samansett av ulike tiltak, men med tre hovudretningar.

Dei tre måla har stor nasjonal politisk oppslutning, og stått uendra sidan avfallshierarkiet for første gang vart vedteken i stortinget i samband med handsaming av st.mld 44 i 1992.

1. Auken i mengd avfall skal vere mindre enn den økonomiske veksten.
2. Avfallshierarkiet skal vere styrande for nasjonal avfallspolitikk- Ombruk viktigast å oppnå. Aktuelle eksempel er tekstilar. Om ikkje det kan nåast, skal ein gå mot materialgjenvinning. Brukt metall blir til nytt metall, papp blir ny papp osv. Er ikkje det mogleg, så gjeld energigjenvinning, slik som det brennbare restavfallet. Deponi er det lavaste nivået i hierarkiet. Berre uorganisk materiale kan deponerast. Deponering av organisk materiale er forbode frå og med 2008.
3. Det er eit høgt prioritert mål å samle inn mest mogleg farleg avfall. Farleg avfall må ikkje blandast saman med anna hushaldningsavfall.


Avfallshierarkiet

VØR tal 2019:

Materialgjenvinning 58,6 %

Energigjenvinning 37,8 %

Deponi 3,6 %



Avfallshierarkiet stimulerar oss til å tenke reduksjon av avfall, og å vri gjenvinninga over til å verte meir høgverdig.

Stortinget har materialisert måla til 55 % materialgjenvinning innan 2025. 60 % innan 2030 og 65 % innan 2035.

0 visjonen ligg som framtidsvisjonen. Utrecht i Nederland ilag med fleire andre kommuner i Flandern, har innført henteordningar for alle gjenvinningsfraksjonane, medan restavfallet må bringast til returpunkt. Resultatet er opp til 95 % utsortering og restavfallsmengde ned mot 21 kg pr innbyggjar. VØR samla inn 56,5 kg pr innbyggjar i 2019, i tillegg til det som er levert av grovavfall på Miljøstasjonen.

Eksempelet Flandern stadfestar at det er mogleg å få til meir og at djerve gjenvinningsmål er råd å få til via å tenke nytt med strukturelle grep.

Men fokus på innsamla mengder kan ikkje aleine vere målet. Kvaliteten på det innsamla må og vere korrekt, og der har vi for dårlege kunnskapar i dag til å kunne fastslå status. Derfor foreslår vi plukkanalyser og frekvenskontroll av beholdarar som tiltak for å betre kvaliteten.

Viktig med djerve mål, men etterspurnad av varen i marknaden må vere på plass ilag med innsamlingstilbodet.

Utviklinga går til tider seinare enn politiske ynskjer og mål, fordi etterspurnad etter brukte varer manglar i marknaden. Det opplevde vi når vi prøvde å sortere ut hardplast i 2015. Og det ser vi no med tekstilar som er sagt å skulle vere innsamlingsfraksjon frå 2025.

Mottakarane av tekstilar sjølve seier at dei sorterar ut dei beste kvalitetane, og sender resten til energigjenvinning. Årsaka er større tilbod på «second hand» tekstilar, enn der er etterspurnad. For så vidt også bruktbukkane sin kvardag.

Tekstilar er i tillegg samansette av fleire ulike råvarer som gjer dei ikkje gjenvinnbare. Innblanding av PS (polystyren) og nanomaterialer i kle, gjer dei t.d. ueigna til materialgjenvinning. Bomull og ull er velegna til gjenvinning, men ikkje dei moderne plastbaserte produkta. Nanomaterialar vert t.d. ofte brukt i allværskle for å halde ute regn, samtidig som det pustar.

Fysiske anlegg hos VØR må vere på plass for å få til tilbod som vert nytta av publikum.

Nye sorteringsmuligheter på miljøstasjonen, krev meir plass i form av om- eller påbyggingar. Dette krev tid og plass i investeringsbudsjettet.

Vår gjenbruksstasjon som var bygd i 2010 er i 2020 for liten sjølv om den er dobbel så stor som den som var bygt i 1998. Talet på ulike fraksjonar som skal sorterast, aukar. Reint kvitt trevirke, uorganisk, kreosotimpregnert materiale skilt frå Ca impregnert, fire ulike sorteringar av vindu, gips skilt frå isolasjon. Hardplast. Dette er fraksjonar som vi skulle hatt tilbod om eller eit betre tilbod. Slik går utviklinga som ein evigvarande stafett. Fleire innbyggjarar som nyttar anlegget i Volda og Ørsta aukar trafikken og når alle skal kome likt i tid, må der vere forbikøyrings-soner inne i hallen. I dag er der mottak på begge sider, og dessverre stoppar det litt opp av og til.

I denne planen planlegger vi ekspansjon i sise del av planperioden

c. Klimakur 2030

Å nå måla i Klimakur 2030 synes å vere mest vektlagt av sentral mynde akkurat no. Her lanserar regjeringa nye tiltak som må gjennomførast før 2030. Vi tar med nokre av dei punkta som vi må ta tak i i komande planperiode.

- Minst 30 % trevirke skal leverast til materialgjenvinning. (25 % innan 2025)
- Tekstil skal verte ny fraksjon som kommunene kan få ansvar for seinast får år 2025, og dette skal gå til materialgjenvinning.
- Hardplast skal innsamlast til materialgjenvinning.
- Meir farleg avfall skal ut frå restavfallet til hushaldningane.
- Mykje meir av plastemballasjen må ut frå restavfallet. Regjeringa syner til at det vil innebere «vesentlige investeringer i ettersoringsanlegg for restavfall»
- Fossil energi skal byttast med fornybar energi, der biogass må erstatte fossil energi som eit av tiltaka som vert lagt vekt på. Det varslast «betydelig utbygging av biogassproduksjon»
- Innføring av avfallsgebyr på restavfallet etter levert mengde. I praksis elektronisk merking av alle behaldarar og registrering av alle tømningar, eller ved innføring av bringeordningar for restavfallet og betaling / registrering av vekt der. Lik

ordningane i Nederland – Belgia, (PAYT- pay as you throw.) omtala seinare i planen.

- Endra målepunkt på materialgjenvinning, til å vere ut frå anlegg som materialgjenvinner, i staden for som i dag inn til anlegg som materialgjenvinner.
- Betra logistikk og auka effektivisering av lastebilar for å redusere transportomfang

1. Status og kvar går vi ?

a. Ombruk

EU sin sirkulær strategi melding legg opp til meir miljøvennleg design og at selde artiklar skal kunne reparerast.

Dette ilag med ombruk av tekstilar er ikkje VØR sitt ansvar etter forureiningslova, men EU og MD listar det opp som område kommunane kan få ansvar for seinast i 2025. Vi får ta att temaet når det er meir avklara.

Relativt lite av det Fretex, Uff og fleire samlar inn lokalt vert selt i det norske



marknaden. Mesteparten vert eksportert til større sentralsorteringsanlegg i austeruropa.

Av andre typer artiklar til ombruk, så har Ørsta/ Volda i dag to brukbutikkar, og det er eit relevant spørsmål om her er marknad til fleire.

b. Materialgjenvinning

MD skjerpar krava til materialgjenvinning framover. Med unntak av tre, har VØR for lengst innført egne sorteringsløysingar for fraksjonane nemnt nedanfor. For oss handlar det derfor mest framover om å auke innsamla mengder der vi har låg innsamlingsandel og å auke kvaliteten på det som er innsamla.

Tabell 4.2: Foreslåtte krav til materialgjenvinning og ombruk for emballasjeavfall (Miljødirektoratet 2020⁴)

Emballasjemateriale	Gjeldende Krav	Krav foreslått 2025	Krav foreslått 2030
Plast	EPS: 50% Annen: 30%	47% inkl. EPS	52% inkl. EPS
Tre	15%	25%	30%
Metall	60%	**	**
Jernholdig metall	*	70%	80%
Aluminium	*	50%	60%
Glass	60%	70%	75%
Brunt papir	65%	80%	90%
Kartong	60%	60%	60%

*: Faller under materialgjenvinningskrav til metall.

** : Utgår grunnet egne materialgjenvinningskrav til jernholdig metall og aluminium.


Undersøkingar syner vidare at gjenvinning, reduserar landets Co2 utslepp med 7 % på grunn av enklare produksjonsprosessar, enn å lage ei råvare frå jomfrueleg råvare. Meir materialgjenvinning, og dermed reduksjon av restavfall kan redusere utslepp av Co2 ytterligare. Auka materialgjenvinning er viktig å fokusere på i høve klima. Aluminium som vert produsert av innsamla aluminiumsboksar, nyttar til dømes mindre enn 5 % energi i høve å produsere det av jomfrueleg malm og energi.

Auka materialgjenvinning av metall og plast gir største bidrag, men meir papp og papirgjenvinning, biogass og biogjødselproduksjon, bidreg og positivt. Slik statistikkane frå Norwaste sin samanlikning av VØR mot dei andre selskapa i regionen og Noreg syner, har VØR tatt ganske godt ut potensialet med vårt behaldar innsamlings system heime.


Vår innstilling er derfor å fokusere på kvalitet, slik det går fram av tilrådingane i handlingsplanen. Ev andre strukturelle grep, må vere å undersøkje korleis innføre henteordning for hageavfall, slik som til dømes hos VESAR og IVAR. IVAR samlar inn juletre årleg, og VESAR samlar inn hageavfall to gonger pr år.

Nedanfor er ein statistikk som er komen fram frå samanlikninga mellom RIR, Årim og VØR. Det syner at alle strukturelle tiltak vi har iverksett etter 2016, har gitt ein markant nedgang i restavfallsmengd pr innbyggjar, heilt i tråd med lokale politiske vedtak og nasjonale målsetningar.

Knekkene i kurvene kan forklarast slik: 2016: fjortendagers innsamling av restavfall. 2017: større papirbehaldar utan tillegg i pris saman med eigen behaldar for glas og metall emballasje. 2019: Eigen matavfallsbehaldar og fjerde kvar veker henting av restavfall.



Ser vi vidare på korleis restavfallet fordelar seg, synte tala dette i 2018.




Figur: Fordeling av innsamlet restavfall fra henteordning og bringeordning i RIR, ÅRIM og VØR 2018

c. Matavfall til biogassproduksjon.

VØR ligg lågt i høve regionen med omsyn til restavfall pr. innbyggjar og høgt i høve innsamla mengd matavfall pr innbyggjar.

Vi trur det skuldast at vi har innsamling av fjerde kvar veker innsamling av restavfallet, medan RIR har annakvar veke. ÅRIM er ikkje i gang i gamle Ålesund, der dei desutan har vekeshenting av restavfallet enno.

Innad i våre kommuner er det frå dei siste utbygde bustadområda oppslutninga om å levere matavfall er størst. I andre områder, melder sjåførane om at rundt ein tredjedel ikkje set fram beholdar for matavfall på hentedag.. Vi trur det handlar om haldningar, alderssamansetning og om hushaldningar med ein eller to personar som «greier seg» med restavfallsbeholdar som vert levert kvar fjerde veke. Nettopp dette talar til fordel for MD sine «Pay as you throw» ordningar, der ein til dømes betalar etter tal gangar ein set fram restavfalls beholdar, men avgrensa til at ein må betale for 8 hentingar som minimum. Lars Fugledal i Årim som gjennom fleire tiår har arbeida mykje med matavfall og biogass produksjon, meiner at potensialet blant innbyggjane ligg på rundt 100 kg pr innbyggjar. Så vil ei meir medviten haldning til kasting av brukbar mat, redusere dette. Uvisst kor mykje. Kvalitetsfokus gjeld også her, og vil redusere tala noko, men mengdene vil likevel auke meir, dersom vi greier å få med oss fleire blant den tredjedelen som ikkje har starta med utsortering.



Figur: Matavfall utsortert, anslått utsorterbart og totalt oppstått i 2019 for RIR, ÅRIM og VØR. Snitt for Norge gjelder 2018

d. Hageavfall

Dette er ein stor fraksjon hos oss, men likevel meiner Norwaste at potensialet er meir enn tre gonger større.

Det er to grunnar til at eg foreslår utgreiing av innsamling av hageavfall heime. Innsamlingsordningar gir ofte minst 30 % auka mengde i høve bringeordning og potensialet er relativt stort for auke materialgjenvinning.

Det andre er at i Ørsta og Volda er der mange dumpeplassar for hageavfall, og dessverre vert det av og til dumpa framande arter som får spreie seg fritt i naturen.


Langs vassdraga våre finn ein parkslirekne mange stadar, fordi elvabardane i dalane vert brukt som dumpeplass. I flaum vert røter og frø dratt med, som så sår det seg eller festar seg lenger nede i vassdraget der vatnet flyt stillare. Denne vonde sirkelen bør brytast.

Hageavfall som vert omdanna til jord, kan ta over mykje av uttaket av torvstrø som i dag foregår i Norden, ifølgje MD. Det er bra for miljø og klima.

60 kg opp med materialgjenvinning, er nesten like mykje som det matavfallet gav oss i auka materialgjenvinning. Dvs meir enn det bortfallet vert som følgje av registrering av materialgjenvinning ut frå materialgjenvinnar og ikkje inn som i dag. Nok til å nå 65 % målet om maerialgjenvinning som vi tilrår å ha som mål innan 2030.


IVAR og Trondheim Renholdsverk (TRV) har seperat innsamling av juletre i dag etter ei bestillingsordning, har eg forstått det som. Vesar har det som fast ordning, ved at ein bestiller papirsekkar for å ha avfallet i, og så vert det køyrt innsamlingsrunde to gonger pr

år å samla inn. Det som ikkje går i papirsekkar, må buntast saman og vere maks 2 meter langt. Vi forslår å utgreie dette i eiga sak.



e. Glas og metall emballasje.

Tabellen under syner kvar noko av restavfallet har tatt vegen. For glaset sin del så aukar volumet ytterligere i 2021, etter at alle har fått på plass eigen beholder heime. Vi ser at Norwaste opererer med eit potensiale for oss på ytterligere 3,7 kg. Potensielt utsorterbart bygger på plukkanalyser hos Årim som vi trur er samanliknbare.




Figur: Mengde glassemballasje per innbygger i 2018 hos RIR; ÅRIM og VØR

f. Metallar


kjem VØR dårligere ut enn snittet, og det trur eg skuldast mest at hos VØR er vi veldig nøyen på å registrere kva som er næring og kva som er hushaldning inne på anlegget. Likeeins vert metallet levert på bygdene i vårryddinga med metallcontainer registrert hos Retura, og ikkje oss.

Vi har innført eit betre registreringsregime frå 2021.



g. papp

er og ein stor fraksjon. Vi ser at ein del papp går i restavfallet av ulike grunnar. Mest på grunn av at ein ikkje tar seg tid til å sortere ut plast, eps og anna avfall som måtte ligge i kassene men og fordi kassene vert nytta til å pakke avfallet i. Med krav om 90 % utsortering av brunt papir, som forskrifta seier, kan det ikkje tillatast lenger. Dei må tømast og leverast som papp.




h. Trevirke

Vi ser at mengdene hos oss er lågare enn hos dei andre selskapa, og veit ikkje heilt grunnen til det. Noko kan vere systematisk registrering av næring. Men det kan og skuldast meir treavfall i restavfallet og at mange kastar tre i impregnert, dels av kunnskapsløyse og hos andre fordi CA impregnert er gratis som farleg avfall. I tvilstilfeller er det rett.

i. Tekstilar

Vi har ikkje tatt dette med i avfallsrekneskapan vår, då det ikkje skal vere med iflg SSB. Tal frå innsamlarane syner 171 tonn innsamla i Volda og Ørsta i 2019, som tilsvarar 8,5 kg pr innbyggjar. I samanlikning med dei andre er det særst gode tal.



3.Klima

a. Intern og ekstern transport

Klimakur 2030 er opptekne av reduksjon av Co2 utsepp frå transport. Avfallsbransjen genererer store mengde gods som må forflyttast. Samla går det 15000 tonn avfall pr år igjennom anlegget her i Hovdebygda for VØR og Retura.

I Møre og Romsdal er der få eller ingen behandlingsløysingar for materialgjenvinning. Av dei store fraksjonane til VØR går matavfallet til Lillehammer via Ulsteinvik, restavfallet til Tafjord Kraftvarme via Geminor. Papiret går via Norsk Gjenvinning i Ålesund til Nederland med båt. Plastavfallet til Grønt Punkt og som regel til Tyskland. Trevirke går til Linkoping eller Østersund.

Potensialet for redusert utsepp av Co2 er såleis til stade, ved meir slutthandsaming i fylket (nærleiksprinsippet) og optimalisert transport. Det siste gjeld og internt transport

Klimautseppa kan grovt sett påverkast på fleire måtar, slik eg ser det.

1. Gjennom utfasing av fossilt drivstoff og erstatte det med fornybar energi.
 2. Ved måten vi legg opp til innsamlinga av avfall. (organisering)
 3. Ved val av logistikk i samband med innkjøp av tenester på levering av avfall. Vi kan målmedvite nytte lastbærarar som kan ta mykje lass, framfor lite.
 4. Ved måten vi organiserar drifta vår internt på anlegget.
-
1. For punkt 1 er vi avhengig av kor langt teknologiutviklinga er komen i høve stor bil. I dag er i praksis Euro 6 BAT (best available tecknologi) El drivne lastebilar er i bruk eksperimentelt, og røynslene er variable. Regionalt har vi ikkje tilgang på biogass.
 2. Innsamling av småbehaldarar foregår etter frekvens, og det er marginalt kva innsparing det er ved å hoppe over ein bustad i ei gate på 20, der 15 skal ha tøming. For nedgrave anlegg er det annleis, dei kan tømast etter fyllingsgrad, og det har vi utstyr for og gjer i dag, men det er mindre enn 10 % av våre innbyggjara som har tilbod om slik tøming. Nye anlegg er kostbare og kjem ved nye bustadfelt, så det vil gå lenge før dette for stort omfang.
 3. Krokasser er mykje nytta, men det er tunge lastbærarar som reduserer nyttelasta mykje, rundt 5 tonn eller 20-25 % , kontra «flisbilar» som har opp mot 20 % meir nyttelast. Her har vi gjort mykje heilt tilbake til 2004 når vi bygde første lastegropa på VØR nettop designa for å nytte «flisbilar», men vi kan gjere enda meir. I 2021 er det opna for nokre vegstrekninga der det er lov med 25,25 meter vogntog og 60 tonn nyttelast. Dersom VØR kunne gå over til å bruke slike lastbærarar, vil ein oppnå ein reduksjon av tal turar ut frå anlegget på heile 15 %. Vi trur miljøfokus vil tvinge fram ei slik utvikling hos oss og i ander bransjer.
 4. Når vi no flyttar mykje aktivitet til Melsgjerdet, bør vi på ny sjå på måten vi handterer avfall både på anlegget i Hovdebygda og Melsgjerdet. Vi har hjullastar i gang stort sett heile dagen for å tømme og flytte containerar. Dette bør vi endre til bruk av større kasser / komprimatorar for å redusere intern transport. Det vil krevje noko investeringar og ombyggingar, og er planlagt innført frå 2022-23.

b. Etterbehandlingsanlegg i Møre og Romsdal

Samarbeid / samanslåingsdebatten med Årim og RIR må sjåast som eit ledd i Klimadebatten. Å handsama meir i fylket i slutthandsamingsanlegg og å sortere og pakke meir i fylket, i staden for å sende frå seg for at andre skal sortere og foredle. Investeringar i biogass eller ettersortering er kostbart. Det handlar derfor om å femne om mange nok innbyggjarar til å forsvare denne type investeringar. ROAF (Romerike

avfallsforedling IKS) hadde 160.000 innbyggjarar bak seg når dei bygde landets første anlegg, og hevda det var eit minimum. IVAR (Interkommunale vatn, avløp og renovasjon for Stavangerregionen) hadde 300.000, og har innleia samarbeid med fleire for å utnytte kapasiteten betre.

I Møre og Romsdal er vi om lag 200.000 innbyggjarar når vi ser bort frå Nordmøre som i renovasjonssamanheng har gått til Trøndelag. Sunnmøre og Romsdal er såleis store nok til etablere kva anlegg som helst for slutthandsaming av avfall.

Sett frå administrasjonen i VØR er ei samanslåing, eller eit tettare samarbeid, ein føresetnad for å gjere store skritt på området redusert Co2 utslepp. Kvar for oss blir vi for små.

Tabellen nedanfor syner resultatata i regionen og med bruk av ulike teknologi og ordningar for utsortering av plast. Men ein har og tatt med IVAR sitt resultat (Interkommunalt vatn, avlaup og renovasjon i Stavangerregionen.) frå ettersorteringsanlegget som er i drift i Stavanger.

Tabell: Gjennomsnittlige innsamlingstall ved utsortering av plastemballasje ved ulike ordninger (kg per innbygger/år) og for RIR, ÅRIM og VØR (kilde: GPN, IVAR, RIR, ÅRIM og VØR)

kildesortering i sekk/egen beholder	kildesortering i delt beholder med optisk sortering	ettersorterings anlegg	Innsamlet mengde RIR 2018	Innsamlet mengde ÅRIM 2018	Innsamlet mengde VØR 2018
7,5	3,9	2018: 11,8 IVAR 2019: 18,7)	12,1	7,8	10,1

c. Omlegging av gebyrsystemet - Payt.

Forslaget i Klimakur 2030 om omlegging av gebyrsystemet må sjåast som ein del av grepet Kostbart å levere restavfall, som skal stimulere til meir materialgjenvinning.

EU i sin melding om sirkulær økonomi tar opp det same, og med det gjennomslaget EU og MD har synt det siste tiåret, gjer vi nok lurt i å tilpasse oss det som kjem derifrå.

Kvalitetskontroll av den enkelte behaldar med gjenvinningsfraksjon som vert henta heime, vert enda meir sentralt ved eit slikt system.


Nederland og Belgia – PAYT. (Pay as you throw)

Ilag med Tyskland er disse to landa heilt i front med høg andel materialgjenvinning i Europa. 65 % kravet om materialgjenvinning er oppnådd. Eit av grepa fleire av kommunane der har gjort, er å innføre innsamling av sorterte og gjenvinnbare fraksjonar fritt heime, medan restavfallet må bringast til sentralt leveringspunkt. Der vert det så registrert digitalt og avgiftsbelagt. Der eksisterar to typer betalingsordningar. Ein vektbasert og ein basert på posar som det er førehandsbetalt for.

Eksempelet syner at strukturelle grep utanom det vanlege, kan gi positive resultat.

Eksempelet Utrecht har 21 kg pr innbyggjar med restavfall henta heime. VØR låg på 56,6 kg pr innbyggjar henta heime i 2019. Tabellen under må vere med restavfall både henta

heime og grovavfall.



Figur 4.2: Utvikling av husholdningsavfall, rest og kildesortert avfall kg/innbygger per år i Flandern etter innføring av PAYT.

RFid brikker som hos RIR og Avfall Sør (Kristiansand)

RIR og Avfall SØR har Rfid merka alle behaldarar som står ute i heimane med datachip. Dei kan registrere hentingane og lage betalingssystem i høve det. Tommelfingerregel på merking av alle behaldarane er 3 årsverk pluss utstyr på alle bilar og software inne kopla mot fakturasystem. Grovt sett vil eg rekne 3 mill kr. På grunn av unøyaktige vektter (våt snø på loket osv) er betalingssystem etter vekt, ikkje nøyaktig nok på små mengder og lett avfall. Men registrering etter tal tømingar er treffsikkert nok.

Vurdering

Det er sikkert gjennomførbart å innføre Belgiske metoder i VØR land, men vil krevje ein del og det må uansett planleggast godt.

Investeringar i vektbaserte ordningar, fleire sentrale mottaksstasjonar, reguleringsplanar og kanskje oreigning for å få lokalitetar der mottaket kan vere.

I våre kommuner er busetnadsmønster relativt desentralisert, og uløyves mottaksplassar er lett tilgjengelege.

Vektregistrering på kvar enkelt behaldar som i dag står ved heimane, krev svært nøyaktige og kalibrerte vektter og relativt dyre faktureringsystem for å følgje opp. Rett nok krev dei aller fleste i næringslivet slike løysingar i dag, men eg er svært usikker på om hushaldningane er klar for det.

SSR prøvde slikt system rundt 2007-08, og det resulterte i avfall i næringslivscontainerar, på rasteplassar, i hyttecontainerar og «nabohjelp» til dei som var på reise. Slike betalingssystem krev stor loyalitet frå innbyggjarane.

Minimumsbetaling for 8 tømingar, men valfritt opp til 12, kan vere aktuelt som eit ledd i arbeidet med å auke materialgjenvinninga. Dette bryt med dagens renovasjonsforskrift der restavfallet skal hentast 12 gonger pr år. Det vil såleis ikkje vere aktuelt før heimel i forskrift er på plass. Om kommunelegane godtek så sjeldan tømning, er og eit relevant spørsmål. Ingen kommunar i Noreg har sjeldnare tømning enn ein gang pr måned av restavfall.

Ein annan variant er det RIR har innført, med eit grunngbyr som alle må betale og stk prising av kva type beholdarar som er i bruk. Dei opererer mellom anna med mindre

matavfallsbeholdar for å stimulere til mindre matkasting. Dette er omtala i sak 33-21
Differensiering av renovasjonsgebyr.

d. Oppsummert materialgjenvinning

Materialgjenvinninga kan overordna sett aukast ved:

- Fleire henteordningar heime. Dette gir betre resultat enn bringeordningar. Men er utfordrande til tettare folk bur. (plassmangel til beholdarar)
- Eg rår vidare til å saksutgreie henteordning for hageavfall. Bakgrunnen er forskriftskrav om at alt organisk avfall skal samlast inn frå 2023. Vi trur dette vil gi betre kvalitet både på matavfallet og på restavfallet. Planter i heimane som er avblomstra der er størstedelen av vekta sand / jord, og de skal verken brennast eller til biogassproduksjon.
- Eigen behaldar for plastemballasje var eit punkt som mange tok opp i siste to brukarundersøkingar. VESAR har slikt frivillig tilbod til sine innbyggjarar. Gebyret for slik behaldar er ca kr 350,- pr år. Vi rår til eigne ruter, og med sekk som i dag.
- Låg innsamlingsfrekvens på restavfallet henta heime i kombinasjon av pris, stimulerar til god kjeldesortering. Sjølv om enkelte synes hentefrekvensen på restavfallet for låg, er materialgjenvinningsresultatet med sjeldan henting av restavfallet, det beste.
- Innføre nye tilbod om materialgjenvinning på Miljøstasjonen. Hardplast, trevirke
- Arbeide aktivt med informasjonsarbeid.
- Gjennomføre fleire plukkanalysar årleg for å finne ut kvar vi er god og kvar vi er mindre god.
- Aktiv bruk av tilbakemelding til dei som sorterar godt eller dårleg. (Jfr Mattilsynet sine smilefjes)
- Ein kombinasjon av alle punkta nemnt ovanfor.

4. Fritidshusrenovasjon

Strategi / målsetning:

Innføre kjeldesortering for avfall frå fritidshus.



Handlingsplan:

- Utvide og oppgradere mottaka gradvis med tilbod om sortering i fleire fraksjonar og adgangskontroll.
- Evaluere punkta med utvida kjeldesorteringsløysing.

Eigar av fritidshus leverar alt avfall unnateke glas og metallemballasje i same container i dag med to unntak. På Folkestad er det full kjeldesortering, og når Melsgjerdet opnar, blir det full kjeldesortering der og. På Harevadet og Bondaleidet er der i tillegg til restavfall, container for papiravfall. Disse fire mottakspunkta er dei største når vi ser på tal fritidshus det skal dekke.

Vi får ofte spørsmål kvifor fritidshus slepp full kjeldesortering. For høgstandard hytteområder forstår vi det. Folke nyttar disse heile året, og alle fasilitetar er til stade. Her peikar Harevadet i Hornindal seg ut. Der er i dag snart 100 hytter av høg standard og talet

aukar raskt. Mange oppheld seg der i lengre periodar om gangen. Når Melsgjerdet er ferdig utbygt, peikar oppgradering av Harevadet seg ut som neste område med full kjeldesortering.

For å få til denne oppgraderinga, bør vi samle mottaka på færre punkt, og for Harevadet sin del vil det resultere i at 660 L behaldaren for restavfall ved inngangen til Hjortedalen, vert fjerna. Den er mykje nytta no om sommaren, men lite og ingenting om vinteren. Hyttene i dette område var utbygde i ei tidligare tid, og innlagt vatn er ikkje tillate etter reguleringsplan.

Etterspurnaden etter hytterrenovasjonsløyising er stort men ein del av det er misbruk frå dei fastbuande. Særskildt gjeld det dei punkta som ligg ute av syne frå dagens busetnad. Dei som ligg inn til område der folk bur eller ferdast jamt, fungerer etter intensjon.

5. Innkjøp

Strategi / målsetning / handlingsplan:

Heve klima og miljø faktorane som evalueringskrav ved framtidige innkjøp.

VØR som innkjøpar har påverknadskraft ved måten innkjøpa er innretta på. Slike krav må inn som evalueringskriterie ved definisjon av innkjøpa på førehand.

Vi foreslår å heve vektninga av kriteria klima og miljø i høve tidligare. Det kan då gå utover pris som evalueringskriterie. Kor stor netto effekt dette vil få, er vanskeleg å vurdere på generell basis.

Mitt råd er likevel å gå for ei sterkare vektlegging av miljø og klima, utifrå det fokuset samfunnet har på samfunnsoppdraget vårt. Vi ser at kjøp av blåbær transportert frå Mexico ikkje skaper reaksjonar i oponionen, medan transport av «skada» blåbær til biogass produksjon på austlandet eller Sverige, gir negative tilbakemeldingar frå brukarane.

6. Digitalisering

Strategi / målsetning / handlingsplan:

Innføre sanntidregistrering av tømning og digitalisert rapportering av avvik.

Digitaliseringa av samfunnet går raskt framover. Dette har skapt ein eigen dynamikk i at fleire og fleire etterspør meir data og data i sanntid.

På få år har vi endra oss til å ha telefonisk og brev kontakt med våre kundar, til at det aller meste foregår digitalt. Det siste som var lansert no i juni saman med kommunane, var at innbyggjarane kan logge seg på via bankID og få innsyn i faktura og avgiftsgrunnlag.

I 2021 får vi etter måten få telefonar inn til kontoret i høve tidligare. Spørsmåla kjem via våre 24 timars opne løysingar 7 dagar i veka (24/7) Dvs. appen på telefonen (innbyggjarmelding), via meldingsskjema på heimesida vår, via direkte e-post til VØR og via Facebook. Vi kommuniserar ut det meste via heimesidene våre og facebook. Avisene må finne stoffet sjølve på vor.no og der kan dei gjere seg kjend med meir enn før. Det som går mot drift er av type spørsmål kvifor var det ikkje tømt, når kjem bilen og den slags spørsmål. VØR har i dag kanskje 0,003 % avvik i utført oppdrag, men fordi enkelte nyttar alle fire kanalane inn til oss, i tillegg til å ringe, skaper få avvik ein del støy i organisasjonen.

Svært ofte ligg avviket på abonnent sjølv, som ikkje set dunken fram til henting på hentedag i tråd med tilvist stad og forskriftene. Det ser vi på gjengangarane som det er ein

del av. Av interne feil, er det oftast at slike situasjonar oppstår under opplæring / innkøyring av nye sjåførar. Typisk ferietid.

Løysinga for å bli betre er å digitalisere meir. Våre tilsette får dokumentasjon på utført arbeid og hjelp i arbeidet med å få med seg alt. Dermed kan innbyggjarane sjølve logge seg på i sanntid å få svar gjerne via foto om kvifor det ikkje var tømt. Gjerne med klokkeslett når vi var der. Det krev Rfid brikker på beholdarane, og Rfid lesarar på bilane. Vi legg opp til at dette skal vere operativt seinast frå 2025.

Dette igjen skaper muligheter for meir avanserte Pay as you throw løysingar enn det vi har i dag.

Det vil og vere ei stor hjelp for sjåførane som får oversikt i det dei skal forlate ei gate, om der står att beholdarar som ikkje er tømt. Det kan høyres uvesentleg ut, men det er faktisk ein kostnad å rekne med at vi må sende ut ein varebil eller renovasjonsbil å hente ekstra det som står att. Ein tur til Hornindal og tilbake for å hente ein beholdar med rest eller papiravfall, tar minst ein time med varebil. Dvs kostnad på minimum kr 600,- Og ein må ha denne personen tilgjengeleg i organisasjonen. Innbyggjarane i Hornindal eller på Vestsida skal handsamast likt med innbyggjarane i Hovdebygda. Dei er underlagt same regelverk og betalar same gebyr.

I administrasjonen har vi og områder som må arbeidast meir med med omsyn til digitalisering. Då tenker vi på repeterande oppgåver i det administrative arbeidet.

7. EIGARSKAP I ANDRE SELSKAP

Strategi / målsetning / handlingsplan:

RETURA[®]
SØRE SUNNMØRE

Vidareføre dagens praksis og handlingsplan.

Bakgrunnsinformasjon - Generelt.

VØR eig heile RSS og har små aksjepostar i Retura Norge. Heimelen for VØR sitt engasjement i andre selskap er vedtektene § 4. Engasjementet i RSS og Retura Norge AS er der for å utnytte felles ressursar og såleis halde VØR sine samla kostnader nede.

Retura Søre Sunnmøre AS (RSS)

VØR oppretta RSS som heileigd aksjeselskap hausten 2004 på bakgrunn av endring i foreiningslova som kom det året. Bakgrunnen var eit ynskje om å unngå stor kostnadsauke for våre abonnentar ved bortfall av felles utnytting av mannskap, hus og utstyr.

RSS betalte i 2011 VØR netto leige på i ca 3 mill på bruk av dagens anlegg, maskiner mannskap og utstyr. Då er det trekt frå dei tenestene RSS fakturerte oss for andre vegen.

Dette synleggjer den kapital, utstyr og mannskapsbelastninga som elles hadde blitt velta over på abonnementa. Totalt ca kr 470,- pr abb inkl mva. Sidan den gang har gevinsten til VØR vore på det nivået. Populært sagt ”synergieffekten” av å utnytte felles ressursar.

I tillegg får næringslivet gjennom RSS eit lokaleigd breidde-tilbod på line med byane i fylket. Makulering, isopor innsamling, ”Leig ein renovatør”, innsamling av EE avfall,

ryddeaksjonar (restavfall / metall fra bygdene er vi idag åleine om å gi tilbod om i vårt område.

Mange verksemdar som har avdelingar over heile landet, opererer med landsdekkjande avfallsavtalar. Etter kvart reknar ein med at 20 % av kontraktene i marknaden er av type landsdekkjande avtalar, og då er det gjerne kundar som har høgt volum i tillegg. Avfallshandsaming er kapitalintensivt, og skal du oppnå lave kostnader må du ha volum. Proff organisasjon som dedikerar seg til faget og som jobbar systematisk både oppstrøms og nedstrøms.

Landsdekkjande avtalar får RSS via den i all hovudsak offentlege eigde Retura kjeden. Gjennom sentralavtalar har RSS Mowi, Tine, Circle K, Norgesgruppen og Helse Møre og Romsdal som kundar.

RSS er i dag eit oppegåande selskap med ei omsetning på vel 23 mill kr i 2020. Driftsresultat før skatt på industriaktivitet som dette er, bør over tid ligge på mellom 3 og 7 %. Og der er RSS som regel kvart år.

Overskota frå RSS og uteleigedelen i selskapet er fri eigenkapital som m.a. kan brukast til å gå inn og sikre lokale nedstraumløysingar som t.d. i biogassanlegg eller handsamingsanlegg for avfallstrevirke for den del. Kvart år nyttar vi den til grovavfallsinnhentinga på bygdene, som ikkje kan seiast å vere eit reint tilbod til hushaldningane.

Med visning til det ovanforståande, ser eg ingen grunn til å gjere endringar i eigarskapen i RSS idag. Vi har beilarar som er ute på tur til ei kvar tid, men utifrå samfunnsoppdraget vårt om å gi næring og private abonentar i vårt område gode tilbod, ser eg ikkje det som aktuell i dag. RSS server næringslivet i området på ein god måte og gir kundane tilbod i form av opningstid og på avfallsprodukt på line med det dei får i større bykonsentrasjonar. Det bør vere viktigare enn ein kortsiktig gevinst som i neste omgang vil ramme abonnentane gjennom høgare renovasjonsgebyr.

Slik er min vurdering no, og så får vi ta ei ny vurdering ved neste rullering. Ein strategiplan er ikkje hogd i stein.


RETURA®

b. Retura Norge AS

VØR eig 30 aksjar i Retura Norge AS. Retura er ei franschisekjede eigd av private og offentlege aktørar i avfallsbransjen. Retura arbeidar oppstrøms mot kundar, med spesielt fokus på landsdekkjande avtalar og kjeder. Dei driv også med landsdekkjande marknadskampanjer og intern opplæring av seljarar og leiarar i bransjen og er såleis ein viktig arena for dei som arbeidar med avfall på innkjøp og salssida. Største eigar no er Franzefoss Gjenvinning AS, Trondheim Renholdsverk AS, BIR Gjenvinning AS og Iris-

Salten IKS (Bodø). Dagleg leiar i VØR møter normalt på eigarmøta og generalforsamling i Retura.

Eigarskapen her er avhengig av om RSS er ein del av Retura kjeden. Så langt ser vi ingen grunn til å gjere endringar i den.



Petter Bjørdal

Dagleg leiar

Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS
Kommunikasjonsplan 2022-2025



16.07.2021

Innhald

Innhaldsoversikt:	3
Prioritert handlingsplan for kommunikasjon	6
Om strategi-/verksemds-plan 2022- 2025.	7
Status 2021.	7
Handlingsplanar og oppfølging.	10
Strategi / målsetning / handlingsplan: Heve klima og miljø faktorane som evalueringskrav ved framtidige innkjøp.	26
Strategi / målsetning / handlingsplan: Innføre sanntidregistrering av tømming og digitalisert rapportering av avvik.....	26
Strategi / målsetning / handlingsplan: Vidareføre dagens praksis og handlingsplan.	27
1.Prioritert handlingsplan for kommunikasjon	32
2.Bakgrunn for kommunikasjonsplan- auka krav til kvalitet!.....	33
3. VØR i dag	34
3.1 Brukarundersøking	34
3.2 Sortering	34
3.2.1 Matavfall.....	34
3.2.2 Emballasjeplast.....	34
3.2.3 Emballasje av glas og metall.....	35
3.2.4 Farleg avfall.....	35
3.2.5 Papp/papir/drikkekartong.....	35
4 VØR sin visjon og mål for kommunikasjon	35
4.1 Visjon	35
4.2 Verdiane våre	36
4.3 Kommunikasjonsutfordringar.....	36
4.4 Målgrupper	37
4.5 Ansvar og organisering av informasjonen	37
4.6 Prinsipp for kommunikasjon.....	38
4.7 Kommunikasjonsmål	38
5. Strategi og tiltak.....	38
5.1 Informasjonskanalar og innhald.	38
5.1.1 Andre sosiale plattformer?	38
5.1.2 Lokalaviser	39
5.1.3 Nyheitsbrev.....	39
5.1.4 Filmsnuttar.....	39

5.2 Informasjonsmaterial	39
5.2.1 Ny merkeordning	39
5.2.2 Digital informasjonstavle på miljøstasjonen	40
5.3 Kontakt med innbyggjarane	40
5.3.1 Skulebesøk og Loop samarbeid	40
5.3.2 Samarbeid og meir informasjon retta mot lokale lag, innvandrara og studentar.	40
5.3.3 SMS og plukkanalyser	41
6. Ikkje-prioriterte tiltak i denne omgang.	41

1. Prioritert handlingsplan for kommunikasjon

VØR vil prioritere informasjon og kommunikasjon som strategisk verkemiddel for å auke kvalitet på innsamla avfallsfraksjonar frå hushald. Kommunikasjonen frå VØR skal vidare bidra til positiv omdømmebygging og gi betre innsyn i kva selskapet driv med.

For å nå denne målesetninga, må utvalde tiltak prioriterast fram mot neste rullering av kommunikasjonsstrategi. Følgande tiltak blir føreslått:

Auke informasjonsflyt til våre abonnentar.

- a) Trykke opp og sende ut utfyllande nyheitsbrev med informasjon om riktig sortering og avfallshandtering til alle abonnentar minst ein gong i året.
- b) Innan 2024 investere i digital informasjonstavle til inngangsport, som til kvar tid viser opningstider og relevante endringar/nyhende som er gjeldande for VØR og våre abonnentar.

Plukkanalyser- få meir kunnskap om forbetningspotensial

- c) I løpet av 2022 skal vi prioritere også å ta stikkprøver av restavfall og matavfall frå hushald og nedgravde anlegg for å undersøke og få kunnskap om samansetning av avfallet. Deretter skal vi kommunisere resultat frå kvalitetskontroll til innbyggjarane for å korrigere feilsortering.

Mindre plast i matavfallet- Pilotprosjekt med papirposar

- d) Teste ut løysing med papirposar til matavfall hos 1/3 av abonnentane frå 2022.

Fornye og vidareutvikle informasjonsmateriell

- e) Produsere korte, informative filmsnuttar om riktig sortering og VØR sin aktivitet i 2022.

Auka fokus på riktig avfallsortering

- f) Meir informasjon ut til kommunale eigedommar og innvandrara på deira språk.
- g) Bruk av avvikslappar på avfallsbeholdar

2. Bakgrunn for kommunikasjonsplan- auka krav til kvalitet!

VØR er eit interkommunalt renovasjonsselskap med kommunane Volda og Ørsta på eigarskapsida. Selskapet skal syte for å legge til rette gode løysingar når det kjem til avfallshandtering i private hushald. Volda og Ørsta har totalt om lag 21 600 innbyggjarar. Som eit offentleg renovasjonsselskap arbeidar VØR ut frå sjølvkostprinsippet, der forureinar skal betale, og kostnadar knytt til avfallshandteringa blir dekt gjennom renovasjonsgebyr. VØR arbeidar etter politisk vedtekne renovasjonsforskrifter og selskapet er underlagt lokal- og nasjonal avfallspolitikk. VØR er dermed lovpålagt å fylgje opp nye lovfesta krav til avfallshandtering.

Våren 2020 la EU fram ein ny og ambisiøs strategiplan for å starte ein raskare overgang til ein sirkulær økonomi i sine medlemsland. Punkta i planen inneberer bl.a. auka kjeldesortering i hushald og næringsliv, der fleire fraksjonar skal utsorterast, deriblant farleg avfall og tekstil. Det blir også lagt vekt på breiare produsentansvar, med fokus på å designe produkt som er meir eigna for materialgjenvinning. Det skal også leggjast til rette for meir ombruk og reparasjon av produkt, framfor å kjøpe nytt. Dette blir det også lagt vekt på i regjeringa sin nye nasjonale strategi for ein grøn, sirkulær økonomi som kom i midten av juni 2021.

For å dra i gang ein overgang til sirkulær økonomi har EU stilt krav om at 60 og 65% av alt avfall frå hushald skal materialgjenninnast innan 2030 og 2035. Desse krava er også nedfelt i norsk avfallspolitikk og er såleis gjeldande for VØR. Likeins, har EU vedteke at frå 2025 skal vi endre målemetoden for materialgjenninningsgrad, frå mengder som går inn til behandling, til råvarer som kjem ut. Dette vil redusere dagens materialgjenninningsgrad i fleire avfallselskap, inkludert VØR.

Ein overgang til sirkulær økonomi er avhengig av at råvarene som kjem frå avfall, kan konkurrere med jomfruelige råvarer på kvalitet og pris. I dag stiller produsentar strenge krav til kvaliteten på råvarene frå avfall og vi opplever ein marknad der prisen på desse stadig svingar. Dersom det kjem på plass insentiv frå styresmaktene om auka bruk av resirkulerte råvarer i produkt, kan dette bidra til å skape stabile marknader, der slike råvarer kan konkurrere på pris med jomfruelige. For å oppnå dette er vi samtidig avhengig av kvalitetssikringa som skjer i første ledd, hjå innbyggjarane.

Innbyggjarane i kommunane Ørsta og Volda vert stadig flinkare til å kjeldesortere, det ser vi på innsamla mengder. Likevel, ser vi at det framleis er ein del feilsortering blant innbyggjarane av nokre typar avfall. Dette gjeld blant anna ulike typar plast og kva som går som glas- og metallemballasje. Inntrykket er at dei fleste gjer så godt dei kan, men treng litt rettleiing til å skilje avfallstypar frå kvarandre. Dette er informasjon som må repeterast kontinuerleg. Samstundes får vi stadig strengare krav retta mot oss når det kjem til kvalitet på avfallet som blir innsamla heime hjå abonnenten og levert frå oss. Derfor må vi framover mot 2026 satse på auka kommunikasjon, og gjere denne meir målretta og tilgjengeleg for innbyggjarane. Dette er heilt naudsynt for å heve kvaliteten på ressursane som kjem frå avfallet og likeins motivere til reduserte avfallsmengder og meir ombruk. Dette er i tråd med avfallshierarkiet og dei kommande krava frå både internasjonale- og nasjonale styresmakter.

3. VØR i dag

3.1 Brukarundersøking

VØR har dei siste åra vore med i ein renovasjonsbenchmarking-undersøking i regi av Avfall Norge. Siste gong var våren 2021, der vart utført ei brukarundersøking av VØR sine tenester blant innbyggjarane. VØR målte eit gjennomsnittleg resultat. Oppsummert kan ein seie at abonnentane er nøgde med kundekontakten med VØR, samt miljøstasjon og innsamlingsystem. Ting dei ikkje var så nøgde med var sluttbehandling av avfall, for sjeldan henting av avfall og pris på gebyr. Det vart også i år avdekka eit behov for meir informasjon om kva som skjer med avfallet vi samlar inn, korleis dette heng saman med gebyr og korleis kjeldesortere avfallet riktig. Ut frå tilleggsspørsmål som VØR fekk stille innbyggjarane sine, fekk vi kunnskap om at 8/10 kunne tenke seg eiga innsamlingsordning for plast. 6/10 kunne tenke seg å bruke papirposar til matavfall, dersom VØR tilbød dette. Dette har gitt utgangspunkt for fleire rapportar rundt innsamlingsystemet vårt som har blitt utarbeida i 2021.

3.2 Sortering

3.2.1 Matavfall

I 2020 samla VØR inn over 1690 tonn matavfall hjå innbyggjarane i Volda og Ørsta kommunar. Dette svarar til 78,2 kg per innbyggjar og er eit hopp opp frå 2019, då vi hadde 74 kg per innbyggjar.

Eit prioriteringsområde i 2022 vil vere å utføre plukkanalyser av matavfallet for å sikre oss betre kunnskap om samansetninga av innhaldet i behaldaren, i lag med grad av forureining (restavfall i matavfallsbeholdaren). Dette vil vere eit viktig ledd for å kunne planlegge målretta kommunikasjonstiltak mot innbyggjarane, få betre kjeldesortering i heimane og fokus på mindre matsvinn i tråd med avfallshierarkiet. Vi veit ut frå plukkanalyser utført av restavfallet i 2020, at omtrent 20% matavfall framleis finn vegen i restavfallet, framfor matavfallet.

Både på politisk nivå og hos forbrukarane har det vore ytra bekymringar knytt til mikroplast frå plastposar i matavfallet. Derfor starta VØR i overgangen til 2020 å kommunisere at alle bleier skal i restavfallet. Dette vil vi halde fram med. Samtidig pågår det no eit større poseprosjekt der fleire avfallselskap ser på nye løysingar for innsamling av matavfall. For nokon inneberer dette å gå over til bioposar, andre til papirposar. Styret til VØR har tidlegare vedteke å innføre eit frivillig prosjekt med papirposar, der 1/3 av abonnentane vil ha moglegheit til å prøve papirposar med ny korg frå 2022. Målet er at dette blir ei permanent ordning for alle abonnentane til slutt.

3.2.2 Emballasjeplast

Abonentane til VØR er framleis flinke til å kjeldesortere emballasjeplasten, og i 2020 målte vi rett under 10 kg per innbyggjar. Men det er framleis ein del feilsortering og folk spør ofte etter informasjon om kjeldesortering av plast. Inntrykket er at dei gjerne vil gjere dette riktig, men det er vanskeleg å skilje mellom ulike typar hardplast og emballasjeplast. Signal frå både EU og styresmaktene tilseier at det vil bli auka produsentansvar i framtida, med fokus på å lage emballasje som er eigna for materialgjenvinning. Det norske selskapet Quantafuel bidreg også med kjemisk materialgjenvinning av emballasjeplast og inngjekk i 2020 ein avtale med Grønt Punkt Norge i juni om å behandle 10 000 tonn emballasje frå det norske hushaldsmarknaden. Derfor er det viktig at innbyggjarane framleis held fram

med den gode sorteringsinnsatsen. Vidare må vi likevel ha eit større fokus på kvalitet og korrigering av feilsortering av plasten. Dette gjer vi ved å ta stikkprøver på dei ulike rutene og gi tilbakemelding til våre abonnentar via avvikslappar.

3.2.3 Emballasje av glas og metall

Det er framleis ein god del feilsortering i «gule dunken» hjå abonnentane til VØR. Om lag 7-8% av abonnentane feilsorterer. Det trengst framleis målretta informasjon for å minne folk om kva som går i behaldaren og kva vi ikkje vil ha. I tillegg, må vi også her ha eit større fokus på kvalitet. I 2020 starta vi opp arbeidet med kvalitetskontroll på ruter, med tilbakemelding til abonnent via SMS eller avvikslapp. Dette har fungert særst godt og er noko vi har halde fram med i 2021. Vi har framleis noko ressursbruk når det kjem til ettersortering på anlegget, men ikkje verre enn at i våren 2021 vart VØR kåra til beste leverandør av emballasje av glas og metall av mottaksanlegg Sirkel AS. Dette resulterte i ein flott film og pressedekning som har gitt ekstra merksemd rundt denne ordninga. VØR auka innsamla mengder i 2020 med 1,9 kg frå året før, til 15,4 kg per innbyggjar.

3.2.4 Farleg avfall

Innsamlingsaksjonane har fungert godt med SMS-varsling ei veker tid i førevegen i kvar bygd. I tråd med klimakur 2030, blir det lagt opp til auka utsortering av farleg avfall, og då gjennom eiga henteordning for farleg avfall. Dette er også eit tema i EU sin plan for sirkulær økonomi. For å auke mengdene med farleg avfall er ei henteordning for farleg avfall vurdert som naudsynt. I VØR sitt tilfelle, ligg alt til rette for det ved at alle har fått raudeboks for farleg avfall. Desse vart utlevert i 2019 og 2020 (Hornindal). Tanken er at ei henteordning for farleg avfall der abonnenten kan bestille henting av raud boks via eit bestilling skjema på nettsida til VØR. Dette systemet er planlagt ferdig hausten 2021, og kan etter testing implementerast frå våren 2022. Også her har innsamla mengder auka frå åra før.

3.2.5 Papp/papir/drikkekartong

Mengda innsamla papp og papir har gått jamt ned sidan 2013. Same trenden såg vi i 2020. Forventningar til kvaliteten på det vi sender frå oss blir stadig strengare. I 2020 og vidare i 2021 har VØR motteke mykje trekk for kvalitetsavvik på grunn av for mykje laus plast og restavfall blanda i papirfraksjonen. VØR nyttar mykje ressursar på ettersortering, og her er det synleg behov for meir kommunikasjon retta ut mot abonnenten rundt feilsortering, men også endringar i måten vi samlar inn papir og plast på.

I Returkartonglotteriet i regi av Grønt Punkt Norge blir det gjennomført 4 trekningar i året blant kommunar og lokale sorteringsanlegg. Det vert naturleg å køyre mindre kampanjar før kvar trekning der vi minner abonnentane om lotteriet gjennom hyppige innlegg på Facebook og heimsida vår. I 2020 fekk vi to vinnarar av 10.000,- i Returkartonglotteriet, i tillegg vil ein vinnar våren 2021, som viser at det nyttar.

4 VØR sin visjon og mål for kommunikasjon

4.1 Visjon

Visjonen til VØR er at vi skal ha gode system som motiverer og gjer det lettare for innbyggjarane å leve miljøvennleg.

4.2 Verdiane våre

Kompetent: Vi skal ha eit høgt kunnskapsnivå om korleis avfall skal handterast, og konsekvensane for menneske, dyr og natur om så ikkje skjer. Dette skal vi også opplyse og lære abonnentane om.

Engasjert: Vi skal vere serviceinnstilt og motivere til auka kjeldesortering

Ansvarleg: Vi skal arbeide for dei gode miljøløysningane innafor akseptable økonomiske rammer og levere som avtalt

4.3 Kommunikasjonsutfordringar

Kommunikasjonsutfordringar knytt til avfallshandtering og informasjon, går ofte igjen år etter år og kan summerast i 7 punkt når vi tek utgangspunkt i brukarundersøkingane som blir utført i regi av Avfall Norge:

1. Lite interesse for renovasjon

Renovasjon er ei teneste som generelt har ei låg interesse hjå folk og det er difor vanskelegare å engasjere forbrukarar til å gjere sorteringsjobben heime.

2. «Lite vits med kjeldesortering»

Nokre hushald ser på kjeldesortering som noko som er pålagt av renovasjonsselskapa, og somme tykkjer dette er tidkrevjande og lite vits å gjere. Jamført ei brukarundersøking utført både i 2018, 2020 og 2021, trur fleire av VØR sine abonnentar at mesteparten av avfallet som vert samla inn, går til forbrenning i staden for materialgjenvinning.

3. Feilsortering heime og på miljøstasjon

Det er framleis mykje feilsortering heime hjå abonnenten, men også på miljøstasjonen. Det trengst mykje repeterande informasjon for å korrigere denne feilsorteringa.

4. Ulike målgrupper med ulik informasjonsbehov

Ulike målgrupper bruker ulike informasjonskanalar og treng ulik informasjon. Unge vaksne, innvandrarar, studentar og personar som bur i sameige er generelt dårlegare til å kjeldesortere enn for eksempel eldre og familiar. Det er også ei utfordring å nå ut med informasjon til desse gruppene, då mange av desse ikkje les lokalaviser eller fylgjer heimsida eller Facebook sida vår.

5. Ulik bruk av informasjonskanalar

Ei anna utfordring er å få fleire av abonnentane til å nytte seg av informasjonskanalane vi har, slik som Facebook og heimsida. Facebooksida og heimsida vår burde oppfattast som den sjølvsagte kanalen for å finne informasjon blant våre abonnentar. Samtidig har ulike generasjonar ulik bruk av sosiale mediar og flyttar seg gjerne mellom fleire plattformer.

6. Intern kommunikasjon

Det kan vere ei utfordring å samkøyre kommunikasjonen internt i organisasjonen. Det må vere ein størst mogleg konsensus når det gjeld kva avfall som skal sorterast og korleis ein kommunisera dette til abonnentane. Det er også viktig med ein intern kommunikasjonsplan når det skjer endringar og nye tiltak i etablerte ordningar.

7. Ekstern kommunikasjon

Vi må samtidig samkøyre kommunikasjonen frå VØR med resten av avfallsbransjen. Det er av og til «støy» frå grupper når det skjer endringar i innsamlingssystemet. Stadig nye krav og forskrifter vert pålagt renovasjonsselskapa og dette vert av nokre abonnentar møtt med lite forståing når dei får auke i gebyret eller ny avfallsbeholdar. Det er viktig å vere ute god tid i førevegen og informera om endringane som kjem, samt grunnen til dette.

4.4 Målgrupper

Som eit offentleg renovasjonsselskap, så har VØR ein viktig funksjon i lokalsamfunnet. Vi har fleire grupper vi må ta omsyn til og kommunisere samfunnsoppdraget vårt til. Kommunikasjonsbehovet er ulikt for ulike målgrupper. Informasjon må tilpassast kvart enkel segment.

- Politikerar i kommunestyre, representantskap og styremedlemmar ønskjer og treng informasjon om utviklinga i avfallsbransjen, status og framdrift på planar, i tillegg til økonomi i organisasjonen.
- Alle tilsette treng informasjon når det er planlagt og vert utført endringar i VØR. Dette gjeld kva som skjer, når og korleis. Dette må også sørgast for at det vert kommunisert likt mellom dei tilsette til offentlegheita og abonnentar.
- Samarbeidspartnarar treng regelmessig kommunikasjon og informasjon frå VØR for betre samhandling og koordinering.
- Alle abonnentar, og spesielt nye abonnentar treng praktisk og generell informasjon om selskapet, abonnement, sorteringsordningar, slamtømming, miljøstasjonen og informasjon om kva som skjer med avfallet etter dette er samla inn.
- Abonnentar i einbustad, fleirmannsbustader, fritidshuseigarar, slamabonnentar, studentar og innvandrarar har ulike informasjonsbehov som må tilpassast.
- Barn og unge i barnehage, grunnskule og ungdomsskule kjem årleg på besøk på miljøstasjonen. Vi veit at denne gruppa kan vere viktige miljøpåverkarar i heimane. Det er derfor viktig at vi tek aktivt kontakt med denne aldersgruppa og lagar eit opplegg som engasjera.
- Service kontora i kommunane treng informasjon som dei kan gi direkte til abonnentar på spørsmål.
- Media og omverda skal ha informasjon om tilbod, økonomi, nyhende og ulike saker som måtte oppstå og vi treng desse til å nå andre målgrupper.

4.5 Ansvar og organisering av informasjonen

Leiar for representantskapet uttalar seg på vegne av representantskapa og styreleiar uttalar seg på vegne av styret. Dagleg leiar har regelmessig kontakt med representantskapet og styret og står samtidig som ansvarleg for å formidle informasjon gitt frå dei til media.

Dagleg leiar har vidare det overordna ansvaret for oppfølging av kommunikasjonsverksemda i selskapet. Dette gjeld informasjon ovanfor eigarar, styre og representantskap, mediekontakt, saker til styret, utgreiingar og vedtak. Kommunikasjon er eit linjeansvar. Dagleg leiar har ansvar for å vidareformidle saker ein er informert om nedover i linja. Denne personen skal også handtere og formidle informasjon i eventuelle kriser både internt og eksternt i selskapet.

Kommunikasjonsansvarleg har ansvar for å planlegge og utarbeide informasjonsmaterial og kampanjar, samt produsere artiklar og innlegg til lokale- og sosiale media. I tillegg vil kommunikasjonsansvarleg ha ansvar for merkevarebygging og skal sørge for å samkøyre kommunikasjon internt i organisasjonen. Vidare må kommunikasjonsansvarleg halde seg oppdatert på korleis det vert kommunisert elles i bransjen, slik at det vert ein konsensus i kva som vert kommunisert til innbyggjarane.

4.6 Prinsipp for kommunikasjon

Pro-aktiv: VØR skal vere i forkant med å sette på dagsorden i saker som vedkjem selskapet. Heimeside og Facebook må brukast systematisk til å informere abonnentar. VØR skal svare raskt på påstandar i lesarinnlegg i media.

Planlagt: Kommunikasjonen frå VØR skal vere gjennomtenkt og konsistent. Ved større endringsprosessar må det gjennomarbeidast ein plan for kommunikasjon god tid i førevegen.

Truverdig: Kommunikasjonen frå selskapet skal vere sann og truverdig.

Tilgjengeleg: VØR skal ha eit aktiv nærvær i lokalsamfunnet og vere tilgjengeleg for sine abonnentar, særskild digitalt.

4.7 Kommunikasjonsmål

Kommunikasjonsmålet er å fremje god kjeldesortering og slik heve kvaliteten på resirkulerte råvarer. Samtidig er målet å redusere totale avfallsmengder og oppmode til ombruk. Inntrykket vårt er at mange vert stadig flinkare i kjeldesorteringa og har eit sterkt ønske om å gjere dette riktig. Likevel trengst det å kommunisere meir kva VØR faktisk driv med, kva som skjer med avfallet etter det er innsamla, og regelmessig minne folk på korleis ein kjeldesorterer riktig. Dette kan ikkje repeterast nok.

Med ulike målgrupper og ulik informasjonsbehov, så er det nødvendig med fleksibilitet og kreativitet når det kjem til å spisse kommunikasjon og velje rette kanalar for å nå ut til desse målgruppene. Informasjonen som kjem frå oss skal vere lett å oppfatte.

Vi skal samtidig vere eit miljøfagleg ressurscenter, der folk kan vende seg til oss med relevante spørsmål. Dette inneber at alle tilsette burde i stor grad vere i stand til å svare på spørsmål som involverer sitt fagfelt, arbeidsplassen og det som skjer der. Vi må dermed søke å utvikle gode rutinar for intern kommunikasjon og sørge for å halde kompetansen i organisasjonen oppdatert gjennom ulike kurs og læringstiltak. Dette vil også bidra til å vidareføre ein bedriftskultur, der alle tilsette kan vere stolt av selskapet og arbeidet sitt.

5. Strategi og tiltak

*VØR vil prioritere informasjon og kommunikasjon som strategisk verkemiddel for å auke kvalitet på innsamla avfallsfraksjonar frå hushald.
Kommunikasjonen frå VØR skal vidare bidra til positiv omdømmebygging og gi betre innsyn i kva selskapet driv med.*

5.1 Informasjonskanalar og innhald.

Facebook og heimsida vår burde oppfattast som den sjølvsegte kanalen for å finne informasjon blant våre abonnentar. Samtidig må vi framleis erkjenne at vi har ulike målgrupper, og som dermed har ulik behov for informasjon. Vi må fylgje med på den digitale utviklinga, då stadig fleire sosiale plattformer dukkar opp og aldersgrupper flyttar seg mellom desse.

5.1.1 Sosiale mediar

Vi ser at mykje av den yngre generasjonen har flytta seg frå Facebook til Instagram, Snapchat og TikTok og bruker desse som ein informasjonskanal. Her kan ein lettare knytte nye kontaktar, følgje ulike kontoar som gir tilgang til nyhende, tips og råd, idear og andre interesseområder.

Eit eksempel på bruk av Instagram til informasjon om kjeldesortering er kontoen til Renovasjon- og Gjenvinningsetaten i Oslo. Her legg dei ut enkle seriar med bilete og

illustrasjonar som syner sorteringstips og forklaring på kvifor det blir sortert slik og slik. I kommentarfeltet går dei i direkte dialog med innbyggjarane der dei har moglegheit til å stille dei spørsmåla dei vil. Dette er ein Instagramkonto som har blitt godt kjent utanfor Oslo sine kommunegrenser. Fleire andre avfallselskap har valt å nytte seg av Instagram for å nå ut til fleire. Dette gjeld naboselskapa våre ÅRIM og SSR også, der førstnemnte nyttar seg av ein ekstern aktør, medan den siste produserer innhald sjølv.

VØR nyttar i dag i stor grad Facebook som hovudkanal og når mange her. Det er vurdert som sær s ressurskrevjande å utvide til nye plattformar, då ein gjerne må variere med innlegg og ha hyppige innlegg for å skape engasjement. Slike ressursar har vi ikkje tilgjengeleg i dag, men dette kan endre seg i framtida.

5.1.2 Lokalaviser

Det er først og fremst den eldre generasjonen som les aviser i papirform. Stadig fleire vel å nytte seg av e-aviser og lokalavisene er framleis ein viktig informasjonskanal for VØR. Det vil framleis vere viktig å sørge for at ein får inn artiklar, annonsar og pressemeldingar i lokalavisa når det skjer endringar i tenester frå VØR eller for å skryte av flinke abonnentar. Vi skal likeins svare raskt på lesarinnlegg og kommentarar.

5.1.3 Nyheitsbrev

I 2020 vart det føreslått å utvikle eit nyheitsbrev som kunne sendast ut til våre abonnentar ein gong i året, der vi skriv om siste nyhende knytt til VØR, positive historia frå innbyggjarane og/eller VØR, tips og miljønytte av å sortere avfallet, kva som skjer med avfallet og korleis kjeldesortere riktig. Dette skal vi halde fram med. Dette blir levert i postkasse saman med neste års tømmekalender, då vi når ut til fleire av abonnentane våre på denne måten.

5.1.4 Filmsnuttar

Abonentane til VØR etterlyser spesielt informasjon om kva som skjer med avfallet etter dette har blitt samla inn. Eit nyttig verkemiddel er å lage korte informerende filmsnuttar som viser kva som går i behaldaren og kva som skjer vidare med avfallet. Dette er noko som kan leggst «fast» høgt oppe på Facebook, slik at dette er noko av det første brukarane ser, og det kan delast på Facebook fleire gongar i året. Facebook sine algoritmar er lagt opp slik at filmsnuttar blir «premiert» ved at dei blir synlege for fleire, enn om ein legg ut vanlege innlegg. Eit mål er å satse på å ha eit samspel av eigenproduserte, kjøpte og delte filmar frå andre instansar. Dette er noko vi vil prioritere i 2022.

5.2 Informasjonsmaterial

Det trengst mykje repeterande informasjon og merking både heime og på miljøstasjonen for å korrigere feilsortering. Ein av dei viktigaste oppgåvene innanfor kommunikasjon er å alltid sørge for at informasjonsmaterialet er oppdatert og brukarvennleg. Fram mot 2024 er desse tiltaka vurdert:

5.2.1 Ny merkeordning

Avfallsbransjen sin paraplyorganisasjon, Avfall Norge har i samarbeid med bl.a. avfallsorganisasjonen LOOP, utvikla nye standardiserte avfallssymbol som etter kvart alle avfallselskap og produsentar skal ta i bruk. Dette er gjort for at kjeldesortering skal oppfattast som enkelt og vere mest mogleg likt over heile landet, uavhengig om du bur i Bergen, Harstad eller Volda. VØR har starta merkinga av alle behaldarar og har merka alle nedgravde anlegg for avfall i kommunen.

5.2.2 Digital informasjonstavle på miljøstasjonen

Inntrykket er at det trengst meir informasjon rundt opningstider, kva ein kan levere gratis, kva som kostar og kor avfallet skal kastast. Eit tiltak som er vurdert som fordelaktig for å auke informasjonstilgangen på miljøstasjonen, er å investere inn ein større digital informasjonsskjerm ved inngangsporten. Denne kan ha rullerande informasjon om opningstider, informasjon rundt VØR sin daglege drift, endringar og nye tiltak osv. Dette blir å etablere i denne økonomiplanperioden.

5.3 Kontakt med innbyggjarane

Det er til tider utfordrande å engasjere forbrukarane og marknadsføre VØR og tenestene våre, då renovasjon er ei teneste som generelt har ei låg interesse hjå folk. Difor må VØR søke å vere meir synleg i lokalmiljøet og skape tillit hjå abonnentane. Innvandrarakar, studentar og folk som bur i sameige er generelt dårlegare til å kjeldesortere enn for eksempel eldre og familiar. Men her er det også store variasjonar. Ei utfordring er at studentar og innvandrarakar ofte ikkje les lokalaviser eller fylgjer verken heimsida eller Facebook sida vår. Derfor må vi ha ei anna tilnærming til kommunikasjon for å nå ut til denne gruppa. I tillegg er det viktig å nå den yngste generasjon, då desse gjerne tek med seg ny lærdom heim. Vidare frå 2021 vil følgande tiltak bli prioritert:

5.3.1 Skulebesøk og Loop samarbeid

VØR har hatt som tradisjon å invitere grunnskuleelevar for omvising på VØR, og dette er noko vi skal fortsette med, då vi veit barn er gode ambassadørar for foreldra når det gjelder riktig kjeldesortering. I 2020 har korona lagt ein dempar for besøk på miljøstasjonen og undervisning. For å skape engasjement rundt VØR og kjeldesortering, blir målet i 2021 å opplyse skular om tilbodet vi har, der fjerdeklassingar i grunnskulen i Volda og Ørsta får omvising på miljøstasjonen, kombinert med eit undervisningsopplegg med lek og konkurransar. Miljø og korleis ta betre vare på ressursane våre er ein viktig del av pensumet til fjerdeklassingar og det vert derfor naturleg å sikte oss inn på denne gruppa. Vi skal og fortsette samarbeidet med Loop og få tilgang til nye undervisningshefter og filmar.

5.3.2 Samarbeid og meir informasjon retta mot lokale lag, innvandrarakar og studentar.

Mange abonnentar kontaktar VØR fordi dei er usikre på om avfallet skal kjeldesorterast eller om det skal i restavfallbeholdar. I tråd med kommunikasjonssprinsippa våre og for å skape eit godt omdømme av VØR, så skal vi vere tilgjengelege for abonnentane og lære dei om sorteringsløysningane våre. Spesielt viktig er det å nå ut til dei som er dårlegast til å kjeldesortere.


For å fremje sortering, så er det også nødvendig å vere til stades i arenaer der ein møter nye abonnentar og innbyggjarar slik som studentar og innvandrarakar som gjerne ikkje kjenner til eller er vandt til kjeldesorteringsordningane i Ørsta og Volda. For å nå ut til flyktningar og innvandrarakar, skal vi fortsette det gode samarbeidet med dei lokale flyktningmottaka og tilby dei å komme hit på omvising på miljøstasjonen og få ein rask introduksjon til sorteringsløysningane våre. Når det gjeld studentane, så skal VØR ha som mål å fremje betre samarbeid med høgskulen i Volda. Etter avtale med høgskulen, så burde VØR ta sikte på lage til ein stand på høgskulen kvart år ved skulestart, der vi møter nye studentar og kan dele ut brosjyrar, plastsekkar, og svarar på spørsmål dei måtte ha. Dette vil vi starte med i 2021.

5.3.3 SMS og plukkanalyser

Som omtalt i delkapittel 3.2.1 -3.2.5, vil vi prioritere å korrigere feilsortering før avfallet hamnar i renovasjonsbilen. Dette gjer vi ved å gjennomføre tilfeldige plukkanalyser på dei ulike rutene og avfallsfraksjonane, og deretter identifisere forbettringspotensialet. Her har vi moglegheita til å låne kompetanse frå ÅRIM som har utført slike plukkanalyser tidlegare. Plukkanalyser gir viktig informasjon om kjeldesorteringsvanane til innbyggjarane i Ørsta og Volda, og bidreg til at vi kan legge til rette og spisse kommunikasjonen vår ut til abonnentane betre. For å korrigere feilsortering hjå kvar enkelte abonnent er alternativet å ta stikkprøver på ei rute, der tilfeldig utvalde avfallsbeholdarar blir kontrollert for innhald. Her har ein moglegheit til å gi direkte tilbakemelding til abonnenten ved at dei får ein SMS eller ein avvikslapp ved eventuelle avvik, med tilbod om tømning når dette er retta opp.

6. Ikkje-prioriterte tiltak i denne omgang.

- Bevege oss inn på nye sosiale plattformar.



Petter Bjørdal
Dagle leiar

Ina Osdal Saure
Kommunikasjonsansvarleg